

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

VEDTAK

1. Fylkesutvalet tilrår at Rv 57 frå kryss med ny veg til avkjørsle på Espeland, lengde 280 meter, blir opprethalden som statens eigedom og inngår som ein del av gang- og sykkelvegen langs Rv 57.
2. Fylkesutvalet tilrår at Rv 57 frå avkjørsle på Espeland til kryss med veg til Seim, lengde ca. 1460 meter, blir omklassifisert til kommunal veg.



Arkivsak 200709770-3
Arkivnr. 811
Saksh. Grude, Nils Egil

Saksgang	Møtedato
Samferdselsutvalet	14.05.2008
Fylkesutvalet	22.05.2008

OMKLASSIFISERING AV VEGAR ETTER NYTT VEGANLEGG PÅ RV 57 VED HERLAND I LINDÅS

SAMANDRAG

Statens vegvesen tilrår at den 1460 meter lange parsellen av Rv 57 som etter nyanlegget Espeland-Herland no har funksjon som forlenging av det lokale vegnettet vert omklassifisert til kommunal veg. Den 280 meter lange gang- og sykkelvegen som no er anlagt på den første delen av tidlegare Rv 57 vert tilrådd å gå inn som ein del av Rv 57.

Fylkesrådmannen er samd i tilrådinga frå Statens vegvesen.

FORSLAG TIL INNSTILLING

1. Fylkesutvalet tilrår at Rv 57 frå kryss med ny veg til avkjørsle på Espeland, lengde 280 meter, blir oppretthalden som statens eigedom og inngår som ein del av gang- og sykkelvegen langs Rv 57.
2. Fylkesutvalet tilrår at Rv 57 frå avkjørsle på Espeland til kryss med veg til Seim, lengde ca. 1460 meter, blir omklassifisert til kommunal veg.

Paul M. Nilsen

Magnus Vestrheim

Vedlegg: Brev av 01.02.08 frå Statens vegvesen, Bergen distrikt med vedlegg.

FYLKESRÅDMANNEN, 24.04.2008:

Statens vegvesen Region vest, Bergen distrikt sender i brev av 01.02.08 over forslag til omklassifisering av tidlegare delar av Rv 57 forbi Herland i Lindås kommune etter at ny riksveg vart ført utanom Herland.

Bakgrunn for saka

Som det går fram av vedlagte brev frå Statens vegvesen vart den nye parsellen av Rv 57 som fører trafikken utanom Herland opna for trafikk 22. januar 2008.

Den gamle parsellen på 1460 meter som m.a. gjekk gjennom eit gardstun på Herland vert no ei naturleg forlenging av det lokale vegnettet (sjå kartvedlegg) og vert tilrådd omklassifisert til kommunal veg.

Ved Espeland, i den sørlegaste enden av den nye vegparsellen, vert 280 meter av den tidlegare riksvegen ei naturleg forlenging av den eksisterande gang- og sykkelvegen. Vegvesenet tilrår at denne sykkelvegen inngår som ein del av Rv 57.

Merknader får Lindås kommune

Forslaget til omklassifisering vart sendt på høyring i Lindås kommune frå Statens vegvesen i brev av 26.03.07. I svarbrevet frå kommunen av 17.12.07 (sjå vedlegg) vert det m.a. vist til at dei har sterkt avgrensa midlar til drift og vedlikehald av dei kommunale vegane og dei krev at vegen må opprustast før overtaking av vegen. Det vert vist til m.a. grøfterensk, manglande rekkverk, reasfaltering, mogleg lovnad om utviding av hårnålssvingar på kommunal veg i Vatneskaret og generell opprusting. Vidare vert det vist til at om det ligg uavklarte saker mellom grunneigarar og Statens vegvesen må dette vere avslutta, alternativt at kommunen vert gjeve kompensasjon.

Statens vegvesen si tilråding

I oversendingsbrevet av 01.02.08 vert det vist til at Statens vegvesen vil synfare vegen saman med kommunen før kommunal overtaking av vegen, og at Statens vegvesen vil utføre dei utbetringane som er i samsvar med tekniske retningslinjer i veglova.

Distriktsvegsejefen tilrår at Hordaland fylkeskommune tilrår omklassifisering av den tidlegare 1460 meter lange parsellen av Rv 57 til kommunal veg. Når det gjeld dei 280 meter med gang- og sykkelveg på Espeland vert fylkeskommunen tilrådd at denne delen vert oppretthalden som statens eigedom og inngår som ein del av gang- og sykkelveg langs Rv 57.

Fylkesrådmannen sine merknader

Fylkesrådmannen har ikkje merknader til tilrådinga til omklassifisering frå distriktsvegsejefen.